

# 2022

Statistikk over norske pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gambling  
and Foundation Authority

## Norske pengespel **2022** Gambling in Norway





# Innhold

Føreord .....	4
Samandrag .....	5
Endring i omsetning .....	13
Norsk Tipping AS .....	15
Norsk Rikstoto .....	23
Spel på nett og mobil– Norsk Tipping og Norsk Rikstoto .....	26
Bingo .....	27
Andre lotteri .....	31
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn .....	35
English summary .....	36
Vedlegg .....	39

# 2022: Første heile året utan covid 19

Totalt auka netto omsetning i den regulerte marknaden med 6 prosent. Mykje av auken skuldast at 2022 endeleg vart eit år utan koronarestriksjonar som påverka omsetninga. Dette gav ein tydeleg auke for terminalane til Norsk Tipping, Belago, som står i bingohallar. Norsk Tipping hadde totalt ein auke i netto omsetning på 4 prosent.

Dei interaktive onlinespela (Instaspill) auka også. I følge Norsk Tipping heng dette saman med at Norsk Tipping over tid har fått fleire spelarar til denne kategorien, mellom anna som følgje av sterkare kanalisering frå dei utanlandske ulovlege selskapa. Sportsspela hadde ein reduksjon, noko som Norsk Tipping blant anna forklarar med ein redusert effekt av vinter-OL fordi meisterskapen føregjekk om natta og dermed også TV-sendingane. I tillegg var fotball-VM i 2022 kontroversielt og arrangert seint på hausten. Vidare hadde speleansvarstiltak større effektar på omsetninga.

Hestespela til Norsk Rikstoto hadde stort sett stabil omsetning samanlikna med 2021.

Private spel har og hatt ein vekst. Dette skuldast auka omsetning hos lotteri med lisens (Pantelotteriet og Postkodelotteriet). Bingo og spel på skip hadde også ein stor vekst som mellom anna kan forklarast med eit heilt koronafritt år.

## **Fleire spelar på lovlege spel etter sterkare kanalisering**

Talet på nettspelarar har auka over fleire år, men ser ut til å ha stabilisert seg i 2022. Det viser målingar Sentio Research gjer for Lotteritilsynet. Auken finn ein på norske regulerte spel, og ikkje på utanlandske nettstadar.

Lotteritilsynet bereknar at netto omsetning (GGR) hos dei ulovlege aktørane er mellom 1,6 og 2,0 milliardar kroner i 2022. Dette utgjer om lag 13 prosent i den totale pengespelmarkanden i 2022. Norsk Tipping sin marknadsdel er 49 prosent og Norsk Rikstoto har 16 prosent. For spel i konkurranse utgjer den regulerte marknaden 64 prosent.

Endringar i omsetninga og nordmenn si deltaking i dei ulike spela har vi tidlegare omtalt i den foreløpige pengespelstatistikken for 2022<sup>1</sup>.

Førde, februar 2024

Atle Hamar  
*Direktør*

<sup>1</sup> <https://lottstift.no/for-spillere/pengespelstatistikk/nokkeltal-den-norske-pengespelmarknaden/>

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2022 omsett for nær 56,7 milliardar kroner. Av dette gjekk 44,9 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter utbetaling av gevinstar vart 11,7 milliardar kroner fordelt blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål<sup>2</sup>.

Metode for datainnsamling og estimat blir omtalt i vedlegg.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2022

År 2022	Millionar	
	NOK	EUR <sup>3</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	56 672	5 609
Gevinst	44 938	4 448
Netto omsetning (lagt igjen/tap) /GGR	11 734	1 161

År 2022	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst) / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>4</sup>	10 385	1 028	2 150	213
Per innbyggjar 18 år og eldre	13 038	1 290	2 699	267
Per husstand <sup>5</sup>	22 016	2 179	4 558	451
Prosent av disponibel inntekt <sup>6</sup>	3,36%		0,70 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 10 385 kroner i 2022.


Det er 793 kroner meir enn i 2021.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2022 ha lagt igjen 2 150 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,70 prosent. Beløpet er 105 kroner meir enn i 2021.

2 Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.  
 3 Middelkurs 2022 frå Norges Bank 10,1040  
 4 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2022 og 1/1-2023.  
 5 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,12 (SSB).  
 6 SSB: Disponibel inntekt 2022: 1 686 759 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2022

Den norske pengespelmarknaden, brutto omsetning 2022, totalt 56 672 millioner



I 2022 spelte nordmenn for nær 56,7 milliardar kroner mot 51,9 milliardar i 2021.

I 2022 vart det satsa 46,7 milliardar på Norsk Tipping sine spel, 4,1 milliardar<sup>7</sup> på Multix- og Belago-spel, og 25,0 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På Norsk Rikstoto sine hestespel spelte nordmenn for nærare 3,3 milliardar kroner.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på vel 5,1 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og 5,0 milliardar, inkludert sidespel i bingo (databingo og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør var 113 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det samla sett lotterier med lisens (etter § 7 i Lotterilova<sup>8</sup>) som hadde størst omsetning, og saman med landslotterier utgjorde omsetninga 705 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>9</sup> estimerer vi omsetninga til 175 millionar kroner. NM i poker hadde ei omsetning på 26 millionar.


Det vart spelt for 671 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

<sup>7</sup> 1 878 mill. på Multix og 2 255 mill. på Belago.

<sup>8</sup> Frå 1. jan. 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap 10 i pengespelforskrifta.

<sup>9</sup> Mindre lotteri, såkalla basarar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2022, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2022

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	46 702	37 713	8 989	81 %
Norsk Rikstoto	3 263	2 272	990	70 %
Bingo med entreprenør	5 016	4 063	954	81 %
Bingo utan entreprenør	113	57	56	50 %
Lotteri med lisens	628	207	421	33 %
Landslotteri	77	9	67	12 %
Lokale/regionale lotteri*	175	28	147	16 %
Poker-NM	26	20	6	78 %
Spel på skip	671	567	104	85 %
Totalt	56 672	44 938	11 734	79 %

\*)Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 44,9 milliardar kroner av innsatsen på 56,7 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (85 %), entreprenørbingo (81 %) og Norsk Tipping (81 %).

Einskilde lotteri bokfører ofte gevinstkostnad for varegevinstar og ikkje verdi på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

# Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2022

Den norske pengespelmarknaden 2022, marknadssdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 85 prosent av marknaden i 2022.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2022

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	8 989	6 582	73 %	2 407	27 %
Norsk Rikstoto	990	517	52 %	474	48 %
Bingo med entreprenør	954	241	25 %	713	75 %
Bingo utan entreprenør	56	48	86 %	8	14 %
Lotteri med lisens	421	220	52 %	201	48 %
Landslotteri	67	26	39 %	41	61 %
Lokale/regionale lotteri*	147	143	97 %	4	3 %
Poker-NM	6	1,3	23 %	4,5	77 %
Spel på skip	104	21	20 %	83	80 %
<b>Totalt</b>	<b>11 734</b>	<b>7 799</b>	<b>66 %</b>	<b>3 935</b>	<b>34 %</b>

\*) Delvis estimat




7,8 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. 6,6 milliardar kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (73 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk 517 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo, Poker NM og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter 25 prosent eller mindre av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 241 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 21 millionar, og frå Poker-NM i overkant av ein 1 million kroner.

Figuren under viser formåla sine inntekter frå ulike spel og lotteri.

Den norske pengespelmarknaden 2022, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 239 millionar høgare i 2022 enn året før. Samstundes har nettoomsetninga auka med 674 millionar. Formåla har fått 435 millionar meir i 2022 enn i 2021, då formåla fekk 7 364 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>10</sup> i 2022 utgjorde 3,9 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og

kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (2,41 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her, og 27 % av netto omsetning. Større kostnadsbeløp kom og frå Norsk Rikstoto sine spel (0,47 mrd) og entreprenørbingo (0,71 mrd.), med høvesvis 48 % og 75 % av netto omsetning.

10 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi sjå for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnad til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	8 989	459	5 %
Norsk Rikstoto	990	74	7 %
<b>Totalt</b>	<b>9 980</b>	<b>533</b>	<b>5 %</b>

Frå spela gjekk det 533 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 5 % av netto omsetning, og er ein reduksjon frå 2021 då beløpet utgjorde 549 millionar og 6 % av netto omsetning.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Spel- og lotteriinntekter 2022	Mill.kr	Prosent
Idrett	3 978	51 %*
Kultur (tippenøkkel)	966	12 %
Musikk/kultur/fritid	315	4 %*
Hest/hestesport	517	7 %
Helse	745	10 %*
Humanitær	801	10 %*
Diverse	196	3 %*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	252	3 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	33	0,4 %
<b>Totalt</b>	<b>7 803</b>	<b>100 %</b>

\*) I tillegg får formåla delar av 252 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkel tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabiliteringsformål. Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkel og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og

humanitære organisasjonar, kan søke Lotteritilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Vidare er grasrotordninga og midlar til tiltak mot uheldig speleåtfærd heller ikkje medrekna i tippenøkkel.

I tillegg til midlar over tippenøkkel er det også utbetalt 2,9 million til mottakarar under tippenøkkel. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2022.

### **Idrett (3 978 millionar \*)**

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 3 435 mill., 395 mill. frå grasrotordninga, 111 mill. frå entreprenørbingo, 20 mill. frå NT sine Belago-terminalar i bingo-lokale, 16 mill. frå spel på skip og 2 mill. frå landslotteri.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

### **Kultur og fritid (1 281 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 966 mill. blei fordelt over tippenøkkelen.

I tillegg er 315 mill. i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 213 mill., entreprenørbingo 58 mill., inntekt frå Belago med 11 mill., spel på skip nær 2 mill., landslotteri 3 mill., og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad 28 mill.

### **Hest/hestesport (517 millionar)**

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

### **Helse (745 millionar \*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 367 mill. frå Norsk Tipping via tippenøkkelen, men i tillegg fekk andre helseorganisasjonar 242 mill. etter søknad til Lotteritilsynet. Vidare kom det 17 mill. frå landslotteri, 57 mill. frå entreprenørbingo, 12 mill. frå Belago, 48 mill. frå grasrotordninga (NT), 0,8 million frå spel på skip og Poker-NM i overkant av 1 million.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### **Humanitær (801 millionar \*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 518 mill., større lotteri med lisens 169 mill, landslotteri med 3 mill., entreprenørbingo med 6 mill. og vel 1 million frå Belago.

I tillegg er det rekna med 7 mill. frå Norsk Tipping's grasrotmidlar, 96 mill. etter søknad til Lotteritilsynet og i overkant av 1 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### **Diverse organisasjonar (196 millionar \*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom etter søknad til Lotteritilsynet (84 mill), frå større lotteri med lisens (52 mill), frå entreprenørbingo (9 mill.), 2 million frå Belago, landslotteri (0,8 mill.), grasrotmidlar (NT) (48 mill.), spel på skip (0,9 mill.).


### **Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (33 millionar)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettningane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

### **Uspesifiserte inntekter (252 millionar)**

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (48 mill.), lokale/regionale lotteri (143 mill.) og grasrotmidlar (61 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 42 mill. av dette er inntekt frå bingo på lokalradio og lokal-TV.

## Den norske pengespelmarknaden år 2022, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



## Endring frå år 2021

Formåla fekk for 2022 tilført 439 millionar meir enn året før. Noko som utgjør utgjør seks prosent. Endringar er større for ein skilde kategoriar av formål.

Fordeling av spel- og lotteriiinntekter	2021	2022	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	3 787	3 978	191	5 %
Kultur	926	966	40	4 %
Musikk/kultur/fritid	284	315	31	11 %
Hest/hestesport	496	517	21	4 %
Helse	632	745	114	18 %
Humanitær	853	801	-52	-6 %
Diverse	149	196	48	32 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	222	252	30	14 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit	17	33	16	94 %
<b>Totalt</b>	<b>7 364</b>	<b>7 803</b>	<b>439</b>	<b>6 %</b>

Det er fleire årsaker til endringane. For mange formål skuldast veksten ein auke i omsetninga i 2022. Veksten for kategorien *Helse* og reduksjonen for *Humanitær* skuldast ei midlertidig endring i fordeling av midlar frå Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar

i 2021: Redd Barna fekk då tildelt ekstra midlar som følgje av omgjerding for tildelingsåra 2019 til 2021, og dermed fekk mellom andre organisasjonane innan kategorien *helse* redusert sine tildelingar for 2021.

# Endring i omsetning

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning (spelt for)	40 709	43 671	46 548	49 592	51 015	51 878	56 672	9 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 143	10 270	10 480	10 577	10 950	11 060	11 734	6 %

Omsetninga er auka med nærare 9 % for brutto og 6 % for netto omsetning.

## Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning	32 029	34 916	38 122	40 267	42 594	43 741	46 702	7 %
Netto omsetning	7 680	7 835	8 142	8 156	8 510	8 669	8 989	4 %

Brutto og netto omsetning auka med høvesvis 7 % og 4 % samanlikna med 2021. Større vekst for brutto skuldast vekst i spel med høgare gevinstprosent.

## Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning	3 881	3 894	3 611	3 398	3 589	3 228	3 263	1,1 %
Netto omsetning	1 244	1 242	1 154	1 074	1 108	983	990	0,7 %

Norsk Rikstoto si omsetning er stort sett stabil i åra 2021 og 2022.

## Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning	3 836	3 737	3 648	4 638	3 707	3 637	5 016	38 %
Netto omsetning	757	726	696	807	738	730	954	31 %

Omsetning i entreprenørbingo er auka sterkt frå 2021. 38 % for brutto, og 31 % for netto omsetning. Bingoomsetninga var påverka av covid-19, og 2022 var det første heile året utan koronatiltak, som t.d. stenging av bingolokale.

**Landslotteri og lotteri med lisens**

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning	283	292	308	424	558	658	705	7 %
Netto omsetning	225	230	231	261	365	446	488	9 %

Landslotterier, og lotteri med lisens har til saman auka med 7 % for brutto og 9 % for netto omsetning. Det er lisenslotterier som bidreg til veksten med høvesvis 10 % og 14 %. Landslotteri har reduksjon med høvesvis 14 % og 15 %.

**Poker-NM**

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brutto omsetning	19	17	21	22	0	24	26
Netto omsetning	3	3	3	4	0	5	6

På grunn av covid-19 vart ikkje Poker-NM arrangert i 2020.

**Bingo utan entreprenør**

Brutto omsetning, tal i millionar	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal løyve:	250	240	240	230	175	150	165
Omsetning:	116	118	113	127	116	111	113

Tal lag som har gjennomført bingo utan entreprenør er auka noko i 2022.

**Lokale/regionale lotteri**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal meldingar motteke	2 380	2 600	2 610	2 880	2 310	2 240	2 940
Tal løyve gitt	60	68	68	70	48	50	49
Estimert omsetning <sup>11</sup> (brutto oms. tal i mill.)	150	140	160	160	150	145	175

Vi har registrert langt fleire meldingar om lotteri i 2022 enn i 2021.

**Spel på skip**

Tal i millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Brutto omsetning	395	557 <sup>12</sup>	566	556	302	335	671	100 %
Netto omsetning	77	74	85	86	41	49	104	112 %


Samanlikna med 2021 er omsetninga om dobla. Som for landbasert bingo heng veksten saman med at 2022 var det første heile året utan korona-restriksjonar.

<sup>11</sup> Estimert omsetning er avrunda (sjå vedlegg for berekningsmåte).

<sup>12</sup> Frå 2017 blir brutto omsetning rapport på annan måte enn tidlegare. Difor er ikkje brutto omsetning til og med 2016 samanliknbar med seinare omsetning.

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 46,7 milliardar kroner i 2022.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2022, totalt 46 702 millionar



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	11 593	25 %
Sportsspel:	Tipping <sup>13</sup>	493	1 %
	Oddspill før arrangement	2 489	5 %
	Oddspill under arrangement (ofte fotballkamp)	1 925	4 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 045	2 %
Terminalspel:	Multix og Belago	4 132	9 %
Instaspill:	Online – Flax, Bingoria, KongKasino, Yezz og Minispill	25 025	54 %
Total brutto omsetning		46 702	100 %

<sup>13</sup> Inkludert Fantasy med brutto omsetning 3 million.

Omsetning og gevinst – i millionar kroner	Skrapelodd					Totalt
	Talspel	Sportsspel	(papir)	Terminal-spel <sup>14</sup>	Instaspill	
Total brutto oms.	11 593	4 907	1 045	4 132	25 025	46 702
Totalt til gevinst	5 819	3 857	586	3 837	23 615	37 713
Total netto oms.	5 774	1 050	458	296	1 411	8 989
Gevinstprosent	50 %	79 %	56 %	93 %	94 %	81 %

Totalt gjekk 81 prosent tilbake til spelar som gevinst. 19 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd, med høvesvis 50 og 56 prosent.


Sportsspel har ein samla gevinstdel på 79 prosent der oddsspel under arrangement har høgaste prosent med 85 %. Oddsspel før arrangement hadde ein samla gevinstdel på 79 prosent<sup>15</sup>. For tipping er gevinstprosenten 54 %. Høgaste gevinstprosent hadde terminalspela med 93 prosent og Instaspill med 94 prosent.

På grunn av lågare gevinstdel på talspel er omsetninga her størst etter gevinstutbetaling. To tredelar av netto omsetninga, eller nær 5,8 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk, eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 179 ved utgangen av 2022.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 38 324 millionar kroner. 4 723 mill. vart satsa på sportsspel og 8 576 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 25 025 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettjet gjekk det 4 245 mill.<sup>16</sup> på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 4 132 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

Netto omsetning, Norsk Tipping AS, etter gevinstutbetaling 2022, totalt kroner 8 989 millionar. Millionar og prosent per spelkategori.



<sup>14</sup> Multix: Brutto 1 878 mill. og netto 146 mill. Belago: Brutto 2 255 mill. og netto 150 mill.

<sup>15</sup> Langoddsen 79 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

<sup>16</sup> Av dette utgjør *Spill i kasse* 204 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk eller i kassa i daglegvareforretningar.



## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 8 989 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	6 582	73 %
Driftskostnader Norsk Tipping <sup>17</sup>	1 948	22 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	459	5 %
Midlar som er haldne tilbake i NT <sup>18</sup>	0	0 %
Sum = netto omsetning	8 989	100 %

Til formåla gjekk det 6 582 millionar kroner eller 73 prosent av netto omsetning. Også i 2021 var prosenten til formål 73 %, som då utgjorde 6 286 millionar.

Frå 2022 – overskotet vart 5 734 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 45 mill. frå Belago-terminalane som formåls-

inntekt i bingo, 770 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 33 mill. til tiltak mot uheldig spele-åttferd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2022 vart utbetalt til formål i 2023.

<sup>17</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

<sup>18</sup> Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det vart ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2022.

## Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen <sup>19</sup>

Frå fordeling frå 2022- overskotet gjekk kroner 3 435 millionar til idrettsformål. 966 mill. til kulturformål og 966<sup>20</sup> til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 367 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam).

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 330 mill., *Frifondordningen* 190 mill., *Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg* 86 mill.


### Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>21</sup>

Tal i millionar kroner	
Idrettsanlegg	1 770,6
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	810,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	446,5
Spesielle aktivitetar	159,2
Forskings- og utviklingsarbeid	36,2
Nasjonalanlegg og spesielle anlegg	78,6
Særskilte tilskot <sup>22</sup>	133,7
<b>Totalt</b>	<b>3 434,8</b>

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, hhv. 52 % og 24 %. Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar, 2022



<sup>19</sup> Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2023-2024) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 151 til 160.

<sup>20</sup> I tillegg er det brukt 2,9 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år. Det totale beløpet til fordeling i 2022 er difor 968,9 mill. kroner.

<sup>21</sup> Pressemelding frå Kulturdepartementet 5. mai 2023, beløp er avrunda.

<sup>22</sup> I tillegg vart det brukt 17,8 mill. kroner av disponible midlar, og det blir då fordelt 24 mill. til mangfald- og inkluderingsordninga og 2,5 mill. til områdesatsing i Oslo.

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 968,9 millionar kroner.<sup>23</sup>

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping. Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2023	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2022
Norges Røde Kors	306,2 mill
Redningsselskapet	188,9 mill
Norsk Folkehjelp	23,3 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	450,5 mill
<b>Totalt</b>	<b>968,9 mill</b>

47 organisasjonar<sup>24</sup> har etter søknad fått tildelt 451 millionar kroner.

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	34	242,5 mill
Musikk/kultur/fritid	3	28,1 mill
Humanitær	4	95,9 mill
Diverse	6	84,1 mill
<b>Totalt</b>	<b>47</b>	<b>450,5 mill</b>

<sup>23</sup> Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2023-2024) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 158.

<sup>24</sup> Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si spelomsetning i 2021 har det gått 772 millionar<sup>25</sup> til nærare 36 400 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa på spel i 2022 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2022- kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	394 869 655	9 907
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	80 092 952	7 460
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	72 343 588	7 177
Interesseorganisasjonar	Helse	47 812 936	2 839
Dyrevern	Diverse	38 608 577	153
Sosiale tenester	– fleire kategoriar	33 904 310	1 073
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	31 541 223	3 099
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	27 250 442	1 790
Andre helsetenester	– fleire kategoriar	13 014 119	526
Krisehjelp og støttarbeid	– fleire kategoriar	6 344 494	185
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	5 527 691	248
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	4 900 603	767
Mangfald og inkludering	– fleire kategoriar	3 861 107	338
Økonomisk og materiell støtte	– fleire kategoriar	3 849 080	163
Natur- og miljøvern	Diverse	2 667 650	306
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	1 674 127	113
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 389 418	12
Andre	Diverse	589 165	24
Bustad – og lokalmiljø	Diverse	436 147	82
Politiske organisasjonar	Diverse	375 232	87
Anna utdanning	Diverse	145 220	10
Sjukehus og rehabilitering	Helse	91 875	4
Juridisk rådgiving	Diverse	76 756	2
Forsking og utvikling	Diverse	55 631	4
Grunn- og vidaregåande utdanning	Diverse	46 802	3
Arbeidsopplæring	Diverse	21 256	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	15 398	5
Sjukeheimar	Helse	8 815	1
Høgskule og universitet	Diverse	1 698	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	33	1
<b>Totalt</b>		<b>771 516 000</b>	<b>36 382</b>

<sup>25</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2022	Millionar	Prosent
Idrett	395	51 %
Helse	48	6 %
Musikk/kultur/fritid	213	28 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	48	6 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	61	8 %
<b>Totalt</b>	<b>772</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 51 prosent, gjekk i 2022 til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse – og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2022 gjekk det frå desse terminalane 44,9 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 150 millionar i 2022). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>26</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar	Prosent
Idrett	19,5	43 %
Helse	11,8	26 %
Musikk/kultur/fritid	10,7	24 %
Humanitær	1,1	2 %
Diverse	1,7	4 %
<b>Totalt</b>	<b>44,9</b>	<b>100 %</b>

<sup>26</sup> 111 lag og foreiningar med totalt 1,2 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Stiftelsen Dam

Stiftelsen fekk 367 millionar frå tippenøkkelen.

### Fordeling til program frå Stiftelsen Dam

Stiftelsen fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar i Norge. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar etter ha blitt godkjent som søkjarorganisasjonar av stiftelsen.


Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleoverskotet i 2022 og med midlar finansiert av oppsparte fond delte stiftelsen ut 349 millionar kroner. Her inngår også stiftelsen sitt program Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har fått innvilga 15 millionar til mindre prosjekter i lokallaga. Fordelinga skjedde i 2023.

Fordeling til formål	Mill. kr	Prosent
Helse	75,8	26,4 %
Utvikling	99,8	34,7 %
Forsking	111,6	38,9 %
Sum	287,3	
Ekspress	15,4	
Adm.tillegg til mottakarorganisasjon	46,3	
<b>Totalt</b>	<b>349,1</b>	

## 4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,26 milliardar kroner i år 2022.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2022,  
totalt 3 263 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 263	100 %
Totalt til gevinst	2 272	70 %
Total netto omsetning	990	30 %

70 prosent av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2022, frå 1 152 til 942. Ved utgangen av 2022 var det i Norge ti travbaner og ei galoppbane, men det kan også spelast på løp i andre land.

18,5 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 0,6 prosent, medan internett utgjorde 80,9 prosent. I 2021 utgjorde omsetninga over internett 77,9 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	604	18,5 %
Baner	19	0,6 %
Internett/Mobil	2 640	80,9 %
Totalt	3 263	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter gevinstutbetaling var det 990 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	516,8	52 %
Til operatør (Rikstoto) <sup>27</sup>	400,0	41 %
Til kommisjonær	73,7	7 %
Sum = netto omsetning	990,5	100,0 %

Til formåla gjekk det 517 millionar kroner eller 52 prosent av netto omsetning.

Fordeling til formål <sup>28</sup>	Mill. kr
Løps- og oppdrettspremiar	200,9
Transporttilskot	2,0
Norsk Hestesenter	29,3
Det Norske Travselsskap	86,5
Norsk Jockeyklubb	36,9
Bidrag avskrivning finans	29,3
Provisjon driftsselskap (banene)	141,1
Stevneveterinær/dopingkostnader	12,0
Totalt	516,8

## Forklaring til dei ulike formåla

**Løps- og oppdrettspremiar.** Dette er løpspremiar utbetalt til hesteeigarar i storløp og ordinære løp arrangert av banene. Her inngår også premiar til oppdrettarar med 21,5 millionar.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

**Transporttilskot** blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

**Det Norske Travselsskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Bidrag avskrivning finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane.


**Stevneveterinær og doping kostnader** er arrangementskostnader som i 2022 blei betalt av Norsk Rikstoto på vegner av løpsarrangør.

<sup>27</sup> Provisjonar internettspel og avgift nordisk spel er medrekna her.

<sup>28</sup> Formålsoversikten ovanfor svarar til Norsk Rikstoto sine mottakarar av tilskot. Stevneveterinær og doping- kostnader inngår her med 12 mill. Tidlegare år har dette beløpet ikkje inngått i formålsoversikten vår.



## Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2022 totalt kr 517 millionar



## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk nær 74 mill. eller 7 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	400,0
Andre inntekter	49,8
Samla kostnader	455,9
Årsresultat	- 6,1

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 6,1 millionar i 2022. I 2021 vart resultatet eit overskot på 14,3 millionar.

# 5.

## Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett med kjøpe av spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er dette same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i Instaspill-kategorien og Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Norsk Tipping	32 %	38 %	44 %	51 %	59 %	68 %	78 %	80 %	82 %
Norsk Rikstoto	40 %	43 %	46 %	49 %	62 %	66 %	74 %	78 %	81 %

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2022 var 81 % av spelet kjøpt på internett og med mobil. Norsk Tipping har ein breiare spelportefølje, og totalt kom 82 % av bruttoomsetninga på nett og mobil.

For Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria og online skrapespel kom 100 % via internett og mobil. Tilsvarende del frå sportsspel og talspel var høvesvis 96 % og 74 %. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2022<sup>29</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2022.

Frå desse undersøkingane har 29 prosent av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2022 utgjorde dette 1,26 million nordmenn over 18 år. 97 prosent av nettspearane sa dei spelte hos norsk regulert aktør, dvs Norsk Tipping (95 %), Norsk Rikstoto (8 %), Postkode-lotteriet (3 %) eller nettbingo hos lokal bingohall som tilbyr hovudspel på nett (0,3 %). 9 prosent av nettspearane svarte at dei hadde spelt på ulovlege nettstader, noko som utgjer i underkant av mellom to og tre prosent av nordmenn 18 år og eldre. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig, enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2022 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1,6 og 2,0 milliardar kroner på ulovlege nettstadar.

<sup>29</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2022 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør*<sup>30</sup> der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

## Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 47 bingoentreprenørar som til saman dreiv 233 bingolokale i 2022. Ved utgangen av 2021 var det 217 bingolokale.

### Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2022

Brutto omsetning sidespel er inkludert	5 016 mill kr
Gevinst	4 063 mill kr
Netto omsetning	954 mill kr
administrativ kostnad	713 mill kr
overskot til formåla <sup>31</sup>	241 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	25 %
Gevinstprosent	81 %

Entreprenørbingo omsette for 5 milliardar kroner. Til lag og organisasjonar vart det overført 241 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 81 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2021 har omsetninga auka relativt kraftig. Brutto omsetning i 2021 var 3 637 millionar kroner, og netto omsetning var 730 millionar kroner.

Formåla har dermed fått meir inntekt frå bingo enn i 2021. Auken utgjer 61 millionar. Dei fleste formål får i tillegg inntekt frå Belago der inntektene også er auka. Totalt er inntektene til formåla auka med 71 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2022 fekk formåla 45 millionar kroner frå Belago, ein auke på 10 millionar kroner frå 2021.

<sup>30</sup> I den nye pengespellova som gjeld frå 2023 blir *entreprenør* omtalt som *medhjelpar*. Denne endringa blir også gjeldande i statistikken for 2023.

<sup>31</sup> Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

## Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2022

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	Pst. til formål av nettoomsetning
Hovudspel	1 243	919	74 %	324	54	17 %
Sidespel:						
– databingo	3 773	3 144	83 %	629	187	30 %
Totalt	5 016	4 063	81 %	954	241	25 %

For hovudspel har netto omsetning samla sett hatt ein vekst frå 2021 då den var oppgitt til 263 millionar kroner. Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette auka frå 2021. For 2021 var det ei brutto omsetning på 344 millionar kroner i hovudspel på nett. For 2022 auka dette til 385 millionar. Auken er mindre enn den var frå 2020 til 2021 då nettomsetninga auka frå 206 til 344 millionar. Netto omsetning for sidespel (databingo) har auka frå 466 i 2021 til 629 millionar i 2022. Totalt for hovud- og sidespel har netto omsetning auka med 224 millionar samanlikna med 2021.

81 prosent av bruttoomsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespela (databingo) med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 241 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 78 prosent av desse inntektene kom frå databingo.


Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 123 lag og foreiningar i år 2022. Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2022 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 45 millionar kroner til 3 028 organisasjonar.

I fjerde kvartal 2022 var det totalt utplassert 1 315 Belago-terminalar i 209 bingohallar.

Alle bingoentreprenørane har rapportert omsetning frå databingo, og vi reknar med at det var utplassert mellom 6 000 og 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter (hovud – og sidespel) <sup>32</sup>	Belagoinntekter <sup>33</sup>	Totalt	
	Mill.	Mill.	Mill.	Prosent
Idrett	111	20	131	46 %
Helse	57	12	68	24 %
Musikk/kultur/fritid	58	11	69	24 %
Humanitær	6	1	7	2 %
Diverse	9	2	11	4 %
<b>Totalt</b>	<b>241</b>	<b>45</b>	<b>286</b>	<b>100 %</b>

Inntekt til formåla i 2022 medrekna Belago,  
totalt 286 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 131 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 68 og 69 millionar kroner.

32 111 lag og foreningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-koder som omfattar fleire kategoriar.

33 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Bingo utan entreprenør

Bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingo*ar samt bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2022<sup>34</sup>, 98 rekneskap for vanleg foreiningsbingo og 65 rekneskap for radio- /TV-bingo.

### Bingo utan entreprenør – nøkkeltal år 2022

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	29 mill kr	83 mill kr	113 mill kr
Gevinst	20 mill kr	37 mill kr	57 mill kr
Netto omsetning	9 mill kr	47 mill kr	56 mill kr
administrativ kostnad	3 mill kr	5 mill kr	8 mill kr
overskot til formål	6 mill kr	42 mill kr	48 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	64 %	90 %	86 %
Gevinstprosent	69 %	44 %	50 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 113 millionar kroner i 2022, fordelt på 29 millionar kroner for foreiningsbingo<sup>35</sup> og 83 millionar for radio/TV-bingo.

Brutto omsetning for foreiningsbingo er auka med 15 millionar frå 14 millionar i 2021 til 29 millionar i 2022. Radio- og TV-bingo er redusert med ei brutto omsetning frå 97 millionar i 2021 til 83 millionar i 2022. Total brutto omsetning er auka med to millionar frå 2021.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingoløve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

<sup>34</sup> Det er ikkje motteke rekneskap for 8 av 171 bingoløve.

<sup>35</sup> Omsetning inklusiv papirsidespel.

## Andre lotteri

For 2022 har vi registrert omlag 3 000 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteria som har det meste av omsetninga. Her viser vi tal for landslotteria, lotteria etter § 7 i Lotterilova, mindre lokale og regionale lotteri samt Poker-NM.

### Landslotteri

Landslotteri er landsdekkjande.

For 2022 har vi fått innrapportert 20 lotteri. I 2021 var talet 23.

#### Landslotteri – nøkkeltal år 2022

Loddsal/	76,7 mill kr
Gevinstkostnad	9,5 mill kr
Netto omsetning	67,3 mill kr
administrative kostnader	40,8 mill kr
overskot til formåla	26,4 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	34 %
Formåla sin del av netto omsetning	39 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	12 %

Total omsetning var 77 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2022 var 9 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 41 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 26 millionar. Dette utgjorde 34 prosent av brutto – og 39 prosent av netto omsetning.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlem-sal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>36</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	3,0	2,2	4 %	8 %	72 %
Helse	56,3	17,5	73 %	66 %	31 %
Musikk, kultur og fritid	4,4	3,1	6 %	12 %	71 %
Humanitær	10,2	2,9	13 %	11 %	28 %
Diverse	2,8	0,8	4 %	3 %	28 %
<b>Totalt</b>	<b>76,7</b>	<b>26,4</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>34 %</b>

Helseorganisasjonar har størst omsetning, og totalt 72 prosent av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto oms.	Overskot av netto oms.
Idrett	2,4	0,2	2,2	10 %	90 %
Helse	49,6	32,1	17,5	65 %	35 %
Musikk, kultur og fritid	3,7	0,6	3,1	16 %	84 %
Humanitær	9,2	6,3	2,9	69 %	31 %
Diverse	2,4	1,6	0,8	68 %	32 %
<b>Totalt</b>	<b>67,3</b>	<b>45,2</b>	<b>26,4</b>	<b>61 %</b>	<b>39 %</b>

Administrative kostnader utgjorde 45 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Av landslotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige lotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2022 omsette LHL sitt lotteri for 31 millionar, mot 36 millionar i 2021.

<sup>36</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.



## Større lotteri etter § 7 i forskrift til lov om lotterier m.v.<sup>37</sup>

Desse lotteria har større årleg omsetningsramme. I 2022 var det tre slike lotteri. Samla omsetning for lotteria var 628 millionar. Både Pantelotteriet og Postkode-lotteriet har auka omsetninga.

### § 7 – lotteri, nøkkeltal år 2022

Loddsal	628 mill kr
Gevinstkostnad	207 mill kr
Netto omsetning	421 mill kr
administrative kostnader	201 mill kr
overskot til formåla	220 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	35 %
Formåla sin del av netto oms.	52 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	33 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotteria i 2022 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), samt Right to Play (SnapChance). Blant formål har 168,5 millionar gått til organisasjonar i kategori *Humanitær*, medan 51,7 millionar går til miljøorganisasjonar som fell inn under kategorien *Diverse*.

## Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 990 lokale og regionale lotteri i 2022. 2 943 var meldingslotteri og i tillegg har 49 lotteri fått løyve<sup>38</sup>. Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

### Lokale/regionale lotteri – estimerte nøkkeltal år 2022

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 5 mill)	175 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	145 mill kr
administrativ kostnad	5 mill kr
overskot til formåla	140 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	80 %
Formåla sin del av netto oms.	97 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	17 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

<sup>37</sup> Frå 1. januar 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap 10 i pengespeleforskrifta.

<sup>38</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

## Poker-NM, nøkkeltal år 2022

Brutto omsetning (deltakaravgift)	26,0 mill kr
Gevinstkostnad	20,2 mill kr
Netto omsetning	5,8 mill kr
administrativ kostnad	4,5 mill kr
overskot til formål	1,3 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	23 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	78 %

Det var Gynkreftforeningen og Blodkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2022.

# Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert i forskrift. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det seks skip frå Color Line og eitt frå Fjordline (frå 1. juli 2021) i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel; automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Passasjerane spelte i 2022 for 671 millionar om bord i desse skipa. Det meste, og 83 prosent vart spelt på automatar. 17 prosent vart satsa ved spelebord.

## Spel på skip – nøkkeltal 2022

<b>Brutto omsetning<sup>39</sup></b>	
Automatar	558,0 mill kr
Spelebord	113,3 mill kr
<b>Totalt</b>	<b>671,2 mill kr</b>
<b>Utbetalt gevinst</b>	
Automatar	483,2 mill kr
Spelebord	84,2 mill kr
<b>Totalt</b>	<b>567,3 mill kr</b>
<b>Total netto omsetning</b>	
<b>103,9 mill kr</b>	
administrativ kostnad	83,1 mill kr
overskot til formåla	20,8 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	3 %
Formåla sin del av netto oms.	20 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	85 %

20,8 millionar var fordelt til 106 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	15,9	77 %
Helse	0,8	4 %
Musikk/kultur/fritid	1,9	9 %
Humanitær	1,3	6 %
Diverse	0,9	4 %
<b>Totalt</b>	<b>20,8</b>	<b>100 %</b>

<sup>39</sup> Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalte. For spelebord er brutto omsetning verdien på talet sjetongar som er kjøpt.

In 2022 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 56.7 billion. Out of this, the players collected NOK 44.9 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 11.7 billion to be distributed among the market participants, i.e., operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 51.9 billion in 2021.

## Key figures in the gambling market in Norway

Year 2022	Million	
	NOK	EUR <sup>40</sup>
Gross turnover (total wagered)	56 672	5 609
Prizes	44 938	4 448
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	11 734	1 161

Year 2022	Amount wagered		Expenditure / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>41</sup>	10 385	1 028	2 150	213
Per capita, 18 years and older	13 038	1 290	2 699	267
Per household <sup>42</sup>	22 016	2 179	4 558	451
Percentage of disposable income <sup>43</sup>	3.36%		0.70 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 10,385 in 2022.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,150. This amounts to 0.70 % of the disposable income per household.


<sup>40</sup> Average rate of exchange 2022 as determined by Norges Bank: 10.1040.

<sup>41</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>42</sup> The average number of persons per household is 2.12. Figures from Statistics Norway.

<sup>43</sup> Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1.686.759million.

The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2022, total 56 672 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., approximately NOK 46.7 billion (of this 4.1 billion on IVTs and 25.0 billion on interactive online games<sup>44</sup>). Norwegians wagered near NOK 3.3 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. It was wagered around 5.1 NOK on bingo, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 5.0 billion. Also included here are side games (electronic<sup>45</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 113 million.

Among the lotteries, the licensed and the have the highest turnover at NOK 705 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 175 million.

The Norwegian championship in tournament poker had a gross turnover on NOK 26 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 671 million in 2022<sup>46</sup>.

44 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 296 million, and NOK 1,411 million on online casino, online scratch games and online bingo.


45 Bingo machines.

46 For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2022, market share of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2022, market shares of gross gaming revenue



## Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten bygger hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden. Tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er for det meste henta frå dei sjølv. Fordelinga av tippemidlar kjem frå Kultur- og likestillings-departementet. Fordelinga av midlane frå Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar og lotteri med løyve har rapportert sine tal og desse er registrert i Lotteri-registeret. For dei største lotteria bygger talmaterialet på rekneskap frå tilbydarane sjølv. For mindre lokale og regionale lotteri er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2022.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Kategorisering av formål

### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningsrådet, Redd Barna og liknande.

### Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Organisasjonar sine ICNPO-kodar er også brukt for å gruppere til kategoriane.

## Landslotteri 2022 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Det frivillige skyttervesen Norges Badmintonforbund
<b>Helse</b>	Diabetesforbundet HLF Hørselshemmedes Landsforbund LHL Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen Uventet Barnedød MS- forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Handikapforbund Norsk Cøliakiforening Norske Kvinners Sanitetsforening Psoriasis- og eksemforbundet Stoffskifteforbundet
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
<b>Humanitær</b>	Norges Livredningsselskap Redningsselskapet
<b>Diverse</b>	MA – rusfri trafikk Noregs Mållag



## Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, – frå Norsk Tippings overskot i 2022 – utbetalt etter søknad i 2023

Organisasjon	Mill. kroner
Autismeforeningen i Norge	1 243 057
Barnekreftforeningen	5 767 180
Blå Kors Norge	11 059 637
Brystkreftforeningen	1 311 817
Cerebral Parese-foreningen	2 103 366
Den Norske Turistforening	14 949 952
Diabetesforbundet	6 458 033
Dyrebeskyttelsen Norge	1 943 157
Dysleksi Norge	1 714 292
Epilepsiforbundet	1 508 175
Forandringsfabrikken stiftelse	2 479 702
Foreningen for hjertesyke barn	2 786 056
Framtiden i våre hender	5 895 134
Frelsesarmeen	64 648 910
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	10 018 163
IOGT i Norge	3 429 306
Kirkens SOS	6 242 097
Kreftforeningen	63 932 279
Landsforeningen Uventet Barsedød	1 315 125
Lhl	17 964 826
Mental Helse	9 757 884
MS-forbundet	2 812 310
Nasjonalforeningen for folkehelsen	16 686 029
Norges Astma-og Allergiforbund	3 851 369
Norges Blindeforbund	27 765 417
Norges Døveforbund	1 951 392
Norges Handikapforbund	6 763 018
Norges Jeger- og Fiskerforbund	10 949 114
Norges Livredningselskap	1 809 089
Norges Naturvernforbund	5 671 212
Norges Parkinsonforbund	1 902 609
Norsk cøliakiforening	1 796 840
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	2 318 333
Norsk Fosterhjemsforening	1 569 780
Norsk Revmatikerforbund	3 874 267
Norske Kvinners Sanitetsforening	12 570 658
Norske Redningshunder	2 179 809
Personskadeforbundet LTN	1 587 379
Prostatakreftforeningen (PROFO)	1 071 946
Psoriasis- og eksemforbundet (PEF)	1 417 151
Rådgivning om spiseforstyrrelser	3 753 309
Stiftelsen Kirkens Bymisjon	54 214 417
Stiftelsen Livsglede for Eldre	2 167 105
Stiftelsen Norsk Luftambulans	37 732 961
Sunnaasstiftelsen	1 683 709
Sykehusklavnene	2 888 209
Voksne For Barn	3 021 954
<b>Totalt</b>	<b>450 537 534</b>

## Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2022 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>47</sup>	Lotteri med løyve <sup>48</sup>
Brutto omsetning i snitt	51 000	494 000
Samla gevinstprosent (kostnad)	13 %	36 %
Overskot av brutto omsetning	85 %	57 %
Tal meldingar/ løyve	2 943	49

			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	151 mill	24 mill	175 mill	175 mill
Estimert gevinst	20 mill	9 mill	28 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	132 mill	15 mill	147 mill	145 mill
Estimert overskot til formåla	129 mill	14 mill	143 mill	140 mill

Estimert brutto omsetning år 2022 *	175 mill
– Gevinst *	30 mill
= Netto omsetning	145 mill
– administrativ kostnad	5 mill
= overskot	140 mill
Formåla sin del av brutto oms.	80 %
Formåla sin del av netto oms.	97 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	17 %

\*) Avrunda beløp er runda til næraste 5 mill.

47 Gjennomsnittleg loddosal frå 1 490 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2022, kr 51 358, – Gevinstprosent og prosent til formål er berekna på grunnlag av rapporterte tal i 2022.

48 Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 49 lotteri med løyve for 2022, kr 494 009,-





Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

[lottstift.no](http://lottstift.no)

